

## **Styremøte SFSG, Skei hotell 15.01.2010 kl.10.00**

Desse møtte: Halvar Espeseth, Leif Brekken, Tom Idar Kvam, Lars Olav Vanberg og Eli Berge Ness. Margaret Skåre hadde meldt forfall.

### **Sak 01/10 Referat og meldingar**

- Referat frå styremøte. Godkjenning av to siste referata.
- Erfaringskonferanse beitebruk. Tom Idar og Eli var til Oslo. Referat på heimesida.
- Møte kontaktutval rovvilt på Skei 04.01.10. Det blir ørneteljing i fylket.

Brev vedk. rovviltnemnda. Ikkje fornøgde med at dei avlyser møtet i januar når det er varsla beitenekt fro Hella til grensa til Oppland v. uendra situasjon.

Videomøte mellom næring, Fylkesmann og DN. Leiar av rovviltnemnda er sjølvstilt invitert til å vere med.

### **Sak 02/10 Årsmøte**

Programmet til årsmøtet er klart, og innleiarane er på plass.

Utdelinga av pris for beste vær, pris for beste bukk og minnepokalen etter Samuel Førde blir flytta til middagen fredag kveld.

Eli tek ansvar for innbydingar og set opp deltakarliste. Påmelding til Halvar og Eli.

Tom Idar tek ansvar for innlegget om beitesesongen sett frå næringa si side under fagdagen fredag. Dei andre i styret kan kome med innspel til han.

Halvar tek ansvar for kulturinnslag til opninga av møtet.

Leif tek ansvar for å legge årsmeldinga ut på nett. Tek også ansvar for å kopiere opp 100 eks. som kan delast ut under årsmøtet.

Vedtak: Arbeidsoppgåver i samband med årsmøtet er fordelte. Alle tek ansvar for sine ting.

### **Sak 03/10 Rekneskap**

Halvar gjekk gjennom rekneskapen. For første gong på fleire år har ein positivt resultat i rekneskapen.

Vedtak: Rekneskapen blir lagt fram for årsmøtet til godkjenning.

### **Sak 04/10 Budsjet**

Det vart oppsett framlegg til budsjett, ut frå opplysningane ein kjenner til no.

Vedtak: Budsjettet blir lagt fram for årsmøtet til godkjenning.

### **Sak 05/10 Jordbrukstingingane**

Eli har skrive innspel frå fylkeslaget til jordbrukstingingane, generell del og den delen som handlar om sau og lam. Ola Søgnesand skal som tidlegare år skrive felles innspel når det gjeld geit for Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Vedtak: Uttalane til jordbrukstingingane blir presenterte under fagdagen under årsmøtesamlinga. Årsmøtet røystar over uttalen under årsmøtet laurdag 27. februar.

### **Sak 06/10 Beitebruksprosjekt**

Fylkesmannen har invitert Bondelaget, Bonde- og Småbrukarlaget og Sau og Geit til å delta i ei arbeidsgruppe når det gjeld framtidsretta beitebruk. Ein vil starte med å få kartlagt kva dei ulike organisasjonane jobbar med i høve beitebruk, kva ein kan jobbe saman om og kva ein skal gjere i høve til det nasjonale beitebruksprosjektet.

Signala frå det nasjonale beiteprosjektet går på at dei i 2010 vil satse på vidare utprøving av teknisk sporing av husdyr på beite, særleg radiobjøller. Det vil difor vere mogeleg å gje støtte til lokale/fylkesvise prosjekt som vil prøve ut radiobjøller. Område der dette alt har vore utprøvd, vil bli prioriterte.

Målet med prosjektet til FMSF er å finne tapsårsaker og redusere tap av dyr på utmarksbeite. Dette ska gjerast gjennom å lage oversikt over aktuelle tapsårsaker, ekstra oppfølging av lag med store tap, og utarbeiding av fleirårig strategi for å redusere beitetapa.

Vedtak: Leif Brekken blir fylkeslaget sin representant i arbeidsgruppa.

Problematikken rundt gjerdehald er eit svært aktuelt tema i tillegg til det Fylkesmannen ønskjer å prioritere.

### **Sak 07/10 Ymse**

- Sak om naudvergerett. Ein sauehaldar i fylket er ilagt førelegg, evt. fengsel, for å ha skote ein jerv under angrep på sau. SFSG sender denne saka vidare til NSG med oppfordring om å støtte saueeigaren i ei evt. rettssak. Tom Idar blir kontaktperson for SFSG i denne saka.
- Det har kome innspel til prosjektet Framtidsretta Sauehald om at det er interesse for å få til fagturar for nye småfehaldarar med tanke på å sjå på driftsbygningar. Då prosjektleiar sluttar, er SFSG oppfordra til å få gjennomført slike turar. Dette bør ein ta med på arbeidsplanen for det nye styret.
- Bruk av lesestav. Halvar har blitt kontakta av produsent av lesestav for elektroniske merke med tanke på kurs i demonstrasjon av lesestaven.
- Diskusjonar om framtida for kåringane. Eli skriv brev til regionutvalet på vegne av SFSG for å uttrykkje kor viktig vi tykkjer det er å halde fram med kåringar.
- Nasjonal geitegard. Halvar har blitt informert om arbeidet med det nasjonale senteret.

Møtet slutt.

Ref. EBN